
Søknadstype

Velg søknadstype

Søknadstype

Innsatsområder

Innsatsområder

- Utvikling av nye bibliotektenester
- Nye samarbeidsformer og partnerskap

Prosjekt

Beskriv prosjektet

Prosjekttittel

Biblioteket i sentrum

Mål for prosjektet

Målet for prosjektet er å 1. Undersøke kva behov og mogelegheiter kommunen har når dei skal flytte biblioteket. 2. Utvikle biblioteket sine tenester for å etterkomme dei behova kommunen har.

Prosjektbeskrivelse

Lærdal kommune planlegger å flytte biblioteket. I dag er biblioteket lokalisert ved Lærdalsøyri skule, eit lite stykke unna sentrum. Biblioteket er eit tilbygg til skulen og vart bygd i 1991, det har ikkje vore gjennom større endringar sidan. Kommunen har dei siste åra hatt større prosjekt kring tettstadutvikling og bruk av tomme sentrumslokale, mellom anna gjennom pilotprosjektet Levande lokaler i regi av Norsk Design og arkitektursenter. Det har blitt satsa mykje på etablering av nye næringar og arbeidsstadar i kommunen, samt kulturaktivitetar i tomme bygg og lokale. Målet med prosjekta har vore å utvikla sentrum til å bli meir attraktivt gjennom å leggja til rette for auka aktivitet gjennom mellom anna nye kunst/kulturopplevingar i Lærdal sentrum.

I Kulturplan for Lærdal kommune 2016-2020 er det satt opp mål for å fylle dei nye krava i Lov om folkebibliotek, ved at biblioteket skal vere ein naturleg møteplass for alle og at det må vere eit mål å få opp besøkstala. Det er ynskje om å flytte biblioteket til sentrum for å skape ein naturleg møtestad i sentrum. I dette prosjektet vil me difor sjå korleis me kan skape eit bibliotek som vil vere ein møtestad og verestad for den enkelte innbyggjar og for heile lokalsamfunnet, og som samtidig vil gjere sentrum meir attraktivt.

I staden for å ta utgangspunkt i det biblioteket og dei tenestene Lærdal folkebibliotek har i dag, ynskjer me å sjå biblioteket opp mot den pågåande prosessen med sentrumsutviklinga og bruken av kommunale bygg. Det er fleire ledige bygg i sentrum og me vil teste ut fleire av desse som aktuelle biblioteklokale. Me vil samtidig ha ein prosess der me undersøker kva innbyggjarane i Lærdal ynskjer seg, og slik utvikle biblioteket etter dei ynskje og behov som lokalsamfunnet og kommunen har. Me vil mellom anna å sjå på mogelegheitene for å utvide tenestetilbodet gjennom at biblioteket blir samlokalisert med andre kommunale tenester.

Kva tilbod og tenester er det trong for i Lærdal, og kva slags tenester kan me tilby i biblioteket? Korleis utviklar me eit fysisk rom som kan famne om dei ulike behova ein liten kommune har?

I prosjektet vil me:

- Involvere brukargrupper gjennom workshops og intervju for å avdekke behov. Her vil me mellom anna teste tenestedesign som metode.
- Utvikle ein overordna visjon og eit mål med bibliotekarbeidet. Utarbeide ein plan for arbeidet med biblioteket framover.
- Studietur og erfaringsutveksling med andre bibliotek. Sjå kva løysingar andre kommunar har.
- Testing av biblioteket sine tenester på ulike arenaer og i ulike bygg, sjå kva som er mogeleg å få til i kommunen.
- Undersøke kva behov innbyggjarane har og auke kompetansen til dei tilsette for å imøtekomme desse behova.
- Bruke konsulent eller arkitekt for å utvikle det fysiske biblioteket og skape rom som dekkjer dei behova som kjem fram i prosessen.
- Organisere samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.
- Sjå på mogelege samarbeid med større kunnskapsaktørar i regionen.

Biblioteksjefen blir prosjektleiar, og prosjektet er forankra hjå rådmannen og kulturleiar i kommunen. Prosjektleiar styrer prosjektet, hentar inn nødvendig kompetanse og etablerer prosjektgruppe. Erfaringane me gjer oss i prosjektet vil ha overføringsverdi til andre bibliotek gjennom metodikken me brukar og dei resultatane me får.

Søker

Organisasjonsopplysninger

Organisasjonsnavn	Lærdal folkebibliotek
Organisasjonsnummer	954681890
Kontonummer	38380760328
Institusjonens leder	
Fornavn	Magne
Etternavn	Grøttebø
Telefon	90053796
E-post	magne.grotteboe@laerdal.kommune.no
Er institusjonens leder kontaktperson for prosjektet?	Nei
Kontaktperson	
Fornavn	Guro
Etternavn	Nesse
Telefon	95894953
E-post	guro.nesse@laerdal.kommune.no

Framdriftsplan

Prosjektet er	Ettårig
---------------	---------

Aktivitetsplan for prosjektet

Beskrivelse	Etablere prosjektgruppe
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.05.2019
Til dato	01.06.2019
Beskrivelse	Hente inn informasjon og kompetanse
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.05.2019

Til dato	01.11.2019
Beskrivelse	Studietur/befaring
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.06.2019
Til dato	01.09.2019
Beskrivelse	Testing av biblioteket sine tenester i ulike lokale
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.05.2019
Til dato	01.11.2019
Beskrivelse	Workshop og intervju med innbyggjarane i kommunen
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.08.2019
Til dato	01.11.2019
Beskrivelse	Workshop med arkitekt/konsulent
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.06.2019
Til dato	01.12.2019
Beskrivelse	Organisere samarbeid med andre aktørar
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.06.2019
Til dato	01.01.2020
Beskrivelse	Konkretisering av innhald og funksjonar i biblioteket
Aktivitetsperiode	
Fra dato	01.12.2019
Til dato	01.02.2020
Beskrivelse	Etterarbeid/rapport
Aktivitetsperiode	

Fra dato	01.03.2020
Til dato	30.04.2020

Andre opplysninger

Andre opplysninger/kommentarer om framdrifts-/aktivitetsplan

Budsjett

Søknadsbeløp fra Nasjonalbiblioteket 330000

2019

Inntekter 2019

Beskrivelse	Prosjektleiar 20%
Beløp	140000
Beskrivelse	Tilskot Lærdal kommune
Beløp	100000
Inntekter totalt 2019:	240000

Utgifter 2019

Beskrivelse	Studietur, befarang
Beløp	50000
Beskrivelse	Prosjektgruppe
Beløp	50000
Beskrivelse	Workshop og intervju
Beløp	40000
Beskrivelse	Testing og tilrettelegging av arena/lokale
Beløp	120000
Beskrivelse	Workshop med arkitekt/konsulent
Beløp	60000
Beskrivelse	Kurs og kompetanseheving
Beløp	80000
Beskrivelse	Prosjektleiing

Beløp	140000
Beskrivelse	Materiale
Beløp	30000
Utgifter totalt 2019:	570000
Totalt	
	0

Samarbeidspartnere

Har du samarbeidspartner(e)?	Ja
Navn	Lærdal Næringsutvikling
Beskriv samarbeidet	Leia prosjektet Levande lokaler. Samarbeid om arrangement og tenesteutvikling.
Navn	Frivillige lag og organisasjonar i Lærdal
Beskriv samarbeidet	Samarbeid om arrangement og tenesteutvikling. Inngår i prosjektgruppa.
Navn	Sogn kunstsenter
Beskriv samarbeidet	Samarbeid om arrangement og tenesteutvikling
Navn	Lærdalsøyri barne- og ungdomsskule
Beskriv samarbeidet	Samarbeid om tenesteutvikling. Inngår i prosjektgruppa.
Navn	Lærdal kommune
Beskriv samarbeidet	Samarbeid om tenesteutvikling. Inngår i prosjektgruppa.
Navn	Høgskulen på Vestlandet
Beskriv samarbeidet	Samarbeid om arrangement og tenesteutvikling

Vedlegg

Vedlegg